TIME KOMMUNE
Bryne ungdomsskule

Dato: 19.10.2026 **Arkiv:**

Referat Fau ved Bryne ungdomsskule
Måndag 19. oktober kl. 17.00

Til stades	Iselin Gjære Lothe (rektor) Sikke Hognestad (leiar av FAU og 8.trinn), Ådne Eikeland (10.trinn), Anders Madsen (9.trinn), Dorte Bekkenheien Hovland (10.trinn), Zofia Nedrebø (9.trinn), Marita Hodne Skjørestad (8.trinn)
Sak 1	**Info frå skulen** <u>Tilstandsvurdering av skuler i Time</u> - Lekkasje i den gamle delen av skulen (vatn i garderobar og gang) - Tilråding: 32 millionar for å utbetre symjebassenget/garderobar - 27.oktober skal det leggjast fram forslag for utbetringar av skular i Time <u>Skulen har tilsett ei ny miljøarbeidar</u> <u>Lesekonkurransen</u> - Erling Braut Haaland har ein stiftelse og har satt i gong ein lesekonkurranse 5-10.trinn (november og januar) - Målet er at elevane ikkje berre skal lese på skulen, men om å skape leselyst på fritida - Skulen har fått tilskot frå stiftelsen til innkjøp av nye bøker - Det vil bli kåra ein klassevinnar på mellomtrinnet og ein på ungdomstrinnet - Premien er ein tur til Ullevål stadion (reise, overnatting og landskamp) - Det vil og vere individuelle vinnarar for nokre av dei elevane som les mykje, kor resten av klassen ikkje les like mykje - For skulen er det spennande å sjå om det gir effekt på både leselyst og lesehastigheit

	- Skulen har og ein plan om interne konkurransar og premiering
Sak 2	**Sak frå elevrådet om skulereglane** Elevane skal vere på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen (regel i dag) <u>Forslag frå elevrådet:</u> 10.trinn skal få gå ut av skulen sitt område i matpausa (i hovudsak til butikkar på M44, Rema 1000 eller Kiwi) Dette var lovleg tidlegare, men blei stramma inn under Covid pga at elevar tok ikkje omsyn til reglar om avstand, det var ugrei åtferd og mykje tjuveri. <u>Argumenta deira for endring av skulen sine reglar</u> - Færre elevar som går utanfor skulen sitt område ettersom det berre er snakk om eit trinn - Kan hindre at elevar frå alle trinn snik seg til ein tur utanfor skulen sitt område - 10.trinn ynskjer å få ein sjanse til å vise at dei kan ha god åtferd - Færre elevar ettersom det berre er snakk om 10.trinn - Det skal og vere låg terskel til å avslutte forsøket dersom det blir ugrei åtferd - I kantina er det lang kø og lite mat igjen til dei som kjem sist - Dersom 10.trinn er ute av skulen sitt område, vil det vere færre elevar i kantina og det vil føre til mindre tøys og rot i klasseromma - Det går fint å bruke bankkort ettersom alle digitale einingar er innelåst <u>FAU og rektor</u> - Skulen har dobla produksjonen etter at kantina blir meir brukt enn før - FAU og rektor er redd for at mange elevar kjem til å kjøpe usunn mat, noko som bryt med skulen sine regler om at ein ikkje har lov å ha med snop eller brus på skulen

	- Kjøp av energidrikk kan og bli eit problem ettersom det endå ikkje er alle butikkar som er like strenge med å spørje etter legitimasjon - Eit forslag er at skulen kartlegg kva det er elevane ynskjer å kjøpe slik at det er mogleg å skaffe noko av dette til kantina - Skulen er bekymra for økonomien til elevane dersom dei skal få gå på butikken (høgare prisar på butikken og gruppepress) - Eit anna forslag er å la klassane i 10.trinn få kvar sin dag til å gå ut av skulen sitt område (rektor seier at dette er vanskeleg å organisere med tanke på at dei ofte har samhold på tvers av klassane) - Lærarane er og redde for at elevane kjem til å kjøpe usunn mat Rema 1000 og Kiwi ynskjer ikkje at elevane skal kome. Det handlar om tjuveri, ufine kommentarar til ansatte som er i tilrettelagt arbeid og hærverk
Sak 3	**Høyring revidert forskrift om skulereglar** - Eit svar blir gitt av SU 19.10.26 - FAU er einige i formuleringane som er gitt
Sak 4	**Høyring Trafikksikringsplan** <u>Kommunen skal prioritere følgjande tiltak:</u> - vurdere rett til skuleskyss etter reglane om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg - arbeide for trafikksikre soner rundt barnehagar og skoler, blant anna gjennom Hjertesoner og trygge hente- og bringeløysninger. - leggje til rette for at fleire barn kan gå eller sykle til skulen på ein trygg måte. - oppfylle kriterium for Trafikksikker kommune i barnehagar og skuler og følgje opp dette systematisk. - arbeide for at private barnehagar og skuler følgje tilsvarande rutinar og standardar for trafikksikkerheit. - styrke samarbeid med føresette, FAU, lag og foreiningar om sikker transport til skule og fritidsaktivitetar. - sørge for god trafikkopplæring og sykkelopplæring i tråd med rammeverk og læreplanar.

	- ta i bruk tilgjengelege læringsressursar og kampanjar om barns sikkerheit i trafikken. <u>Gjennomgåing av kart over barnetråkk</u> - Rektor har meldt inn utrygg veg rundt skulen - Føresette som køyrer heilt opp på parkeringsplassen, samtidig med tilsette. Skaper dårleg sikt. - Utrygg veg ned mot M44 (Meierigata) <u>Innspel til trafikksikringsplan Time kommune 2027-2035</u> - Dokumentet er omfattande og bør kortast ned for å sikre ei meir konsis og presis framstilling.

Referent: Marita Hodne Skjørestad